

RADØY KOMMUNE
 Radøy kommune, Teknisk avdeling
 Radøyvegen 1690
 5936 MANGER

Deres ref:
 Vår ref: 2016/024008
 Dato: 02.02.2016
 Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



RAPPORTERING AV OPPLYSNINGAR OM VASSVERKET FOR ÅRET 2015

Rapportering av opplysningar om vassverket for året 2015

Du har eit vassforsyningssystem som forsyner minst 50 menneske, 20 bustader eller hytter, ein helseinstitusjon, ein skule eller ein barnehage.

Godt drikkevatt er av stor verdi for samfunnet. Som vassverkseigar har du difor plikt til å rapportera opplysningar om vassverket til Mattilsynet. Plikta er fastsett i forskrift 4. desember 2001 nr. 1372 om vannforsyning og drikkevann (drikkevannforskriften). Opplysningane er til nytte for oss i tilsynet med vassverka, og sikrar oversyn over vassforsyningssystema i ein beredskapssituasjon. Mattilsynet leverer også opplysningar om vassverk til ei rekkje andre aktørar, til dømes Statistisk Sentralbyrå, Folkehelseinstituttet og EU. Opplysningane bli nytta som grunnlag for viktige politiske vedtak, både lokalt og nasjonalt. Som vassverkseigar er det og slik at du også har plikt til å informere brukarane av vatnet (drikkevannforskriften § 6).

Fristen for å rapportera går ut 10. april 2016.

På grunn av at det er gjennomført enkelte endringar i skjemaet som blir nytta ved årleg rapportering, og at desse endringane er planlagt å vera operative etter 3 mars 2016, har vi endra fristen for rapportering frå 15. februar til 10. april.

Endringane omfattar blant anna at mange av felta vil være fylt ut med tidlegare informasjon, slik at du berre treng å endre dei felta som må endrast.

Dersom du likevel vil rapportere før 3. mars 2016 så er det viktig at du svarar på alle felta og kontrollerer at tala er riktige. Komma feil, eller at det blir lagt inn eit tal for mykje eller for lite, skaper sjølvstapt problem når tala skal nyttast. Kontroller også at tala blir lagt inn med same måleeeining som brukt i drikkevassføresegna. Nokre stader skal det nyttast milligram/liter, andre stader skal det nyttast mikrogram/liter.

Korleis rapporterer du?

Du rapporterer inn på Mattilsynet si skjemaeneste: <http://www.mattilsynet.no/skjema/>

- Fyrst må du oppdatere informasjon om vassverket ditt. (Basisopplysningar om vassforsyningssystemet, leidningsnettet, vasskjelder, vassbehandling og høgdebasseng).
- Så kan du gjennomføre «Årleg innrapportering for vannforsyningssystem».

Kven kan rapportere for vassverket?

- Du som skal rapportere må ha tilgang rett i Altinn.
- Ansvarleg for vassverket kan ordne dette.

Les meir om det her: [Hvordan delegere tilgang i Altinn](#).

Det er ein stor fordel at den som rapporterer veit korleis vassverket vert drive. Ein viktig grunn til dette er at systemet ikkje fangar opp openberre feilregistreringar, til dømes dersom du blandar måleiningane mg/l og µg/l. Sjå vedlegg 1 for meir rettleiing om utfylling av skjema.

Dersom du ikkje har tilgang til ei datamaskin, må du ta kontakt med lokalt Mattilsyn.

Informasjon til deg som ikkje har rapportert før.

- Du loggar på via Altinn, som er Statens felles innrapporteringskanal. Spørsmål om pålogging kan rettast til support@altinn.no eller på tlf. 75 00 60 00.
- Gå inn på Mattilsynet si skjemateneste.
- Rapportert på vassverket sitt bedriftsnummer (undereining). Hugs å hake av i vindauget «vis underenheter» og rull i feltet «vis flere». Velg så rett bedrift.
- Oppdater basisdata ved å bruke skjemaet Endre informasjon om vannforsyningssystem. Sjekk alle inntakspunkt og/eller behandlingstrinn, rett tal løpemeter, type kvalitet på leidningsnett osv.
- Dersom det er store endringar i oppbygginga av vassverket, må desse endringane sakshandsamast av Mattilsynet før dei kan rapportera. Ta kontakt med lokalt Mattilsyn for meir informasjon.
- Rapportert dei årlege dataa ved å bruke skjemaet Årlig innrapportering for vannforsyningssystem
- E-læringsguider og brukarrettleiing for Mattilsynet si skjemateneste finst på <http://www.mattilsynet.no/skjema/>

Fleire nyttige lenkjer:

Meir informasjon om rapportering av data frå vassverk finn du på: http://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannverk/innrapportering_av_vassverksdata.4766

Aktuelle nettstader for informasjon om vassverka og rapporterte data: http://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannverk/oversikt_over_vannverk.1878 <http://data.norge.no/search/site/mattilsynet>

Drikkevassforskrifta: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-12-04-1372>

Tala for kommunale og interkommunale vassforsyningar kan kontrollerast på www.ssb.no/kostra. Meld frå om evt. feil til lokalt Mattilsyn, som kan opne skjemaet for å korrigere opplysningane.

På førehand takk for innsatsen med å rapportera for 2015. Di hjelp er viktig for å heve kunnskapsnivået om vassforsyninga i Noreg.

Med hilsen



Helge Nordal
førsteinspektør

Vedlegg 1: Rettleiing til utfylling av skjema

- Fyll ut namn, e-post og telefonnummer til kontaktperson for rapporteringa.
- Merk at fleire felt er obligatoriske å svare på for å kome vidare i rapporteringa.
- Ta ein ekstra sjekk av tal, kommaplassering og måleeining, før du trykkjer på «Neste». Det skal brukast same måleeining som oppgjeve i drikkevassforskrifta.
- Opplysningane blir lagra i det du trykkjer «Neste». Du kan hente fram dataa og korrigere både undervegs i rapporteringa og til slutt.
- Er det analysert på parametrar som ikkje kjem fram i skjemaet Rutineanalyser – levert vann, og råvann, må de leggje til desse.
- Lat feltet stå tomt dersom de ikkje har data.
- Alle kolonnar må fyllast ut; dvs. både gjennomsnitt, median, maks, min og antall avvik.
- Med avvik er det meint avvik i vasskvalitet frå Drikkevassforskrifta sine krav.
- Talet "1" er beste gradering for analysane "Lukt og smak", uavhengig av laboratoriet sin analysestandard. Dette er fordi tal frå ulike laboratorium skal kunne samanliknast og nyttast statistisk.
- Analyseresultat "<1" skal oppgjevast i skjemaet som "0" (Dette gjeld mikrobiologiske parametrar som E.coli, koliforme bakteriar, Intestinale enterokokkar o.l.). Dette er fordi tala skal kunne nyttast statistisk.
- Du avsluttar rapporteringa ved å trykkje på knappen «Send inn».

Treng du meir informasjon om korleis du fyller ut dei einskilde elta i skjemaet? Sjå «Veiledning til utfylling av skjema om vannforsyning» på:

http://www.mattilsynet.no/skjema/endre_informasjon_om_vannforsyningssystem.5921